


S O G A O M A D N E S T O V A P Å S Æ L E



Oline Marie Brosing
(1992)

Kor gamal er
Adnestova?

Adnestova er truleg bygd på slutten av 1600-talet. Denne stova har alltid stått på denne staden, og er det einaste huset som står igjen av eit tun med gardshus på Sæle.

Tun

Dei andre husa i tunet blei flytta i samband med utskiftning av jordai byrjinga av dette århundre.

Dei siste som
budde i stova

Adnestova var i bruk fram til 1928 då det nye våningshuset på bruket blei bygd. Peder og Oline Halvorsen og huslyden deira var den siste generasjonen som budde i den gamle Adnestova. Dei andre gardbrukarane på Sæle hadde bygd nye hus tidlegare og i samband med det reve dei gamle husa. Adnestova skulle også rivast, men det var eit tungt arbeid å ta i fære med. Den var dessutan til nytte i periodar. Etter kvart som tida gjekk, blei minna vekte til live hjå dei som var fødde og oppvaksne i gamle stova. Ingen hadde hjarte til å riva den ned og fjerna den.

Adnestove blei
ikkje riven

Dei siste som
blei fødd der

Alle dei sju borna til Peder og Oline Halvorsen kom til verda i Adnestova. Den eldste sonen til Peder, Halvor Halvorsen, overtok gardsbruket og Adnestova etter foreldra. Det er hans eldste dotter, Oline Marie som har ansvaret for den i dag.

Inngangar og kjøken

Hovudinngangen er på austre sida. Der var det trapp av naturstein med tre-fire trinn på kvar side og ei stor steinhelle øvst oppe mot dørstokken. Inngangen mot vest blei brukt til kjøkeninngang. Her bar dei inn poteter, mjøl og anna. Når dei kom frå fjøset med mjølk blei densilt på kjøkenet og helt i skåler som dei sette på hyller i stova og i spiskammerset. Kjøkenet brukte dei til matstell, men all maten blei kokt i jerngryter på komfyren i stova. I spiskammerset oppbevarte dei matvarer og kjøkenreidskapar.

Det var i stova dei viktigaste funksjonane føregjekk. Den var soverom om natta for besteforeldre og foreldre og små born. Stova var enkelt møblert. Der var to uttrkkbare senger med halm til madrass og ei eller to barnesenger ("småsenger"). Der stod ein trebenk langs vindauga mot vest. Eit stort klaffebord stod midt under parafinlampen som hang i ein bjelke i taket. Forutan trebenken var det pinnestolar til å sitja på. Ein kommode med skuffer stod mot søre veggen. Ved austre vindauga stod vevstol. Rokk og ullkorg høyrde og med til inventaret og plass for rennebom med feste i ein bjelke under taket. Bordet under lampen blei nytta til mange føremål. Utanom måltida var det arbeidsbord for heimeproduksjon, lekselesing, garnbøting, skriving og anna. Rundt bordet hadde dei også andakt.

Stova

Komfyren i stova var oppvarmingskjelde for heile huset. Luka i taket blei opna for at varmen skulle stiga opp på lemnen. All koking og baking gjekk føre seg her.

Komfyren

På lemnen sov store born og ungdomar. Tenestefolk (dreng og taus) var mellom desse. Lemnen var dessutan oppbevaringsplass for besteklede og tøy på knaggjar og i kister.

Lemmen

I gangen stod tresko på golvet og ytterklede dei brukte til kvardags hang på knaggjar. Alle gjekk på sokkeleisten inne i huset.

Gangen

Den vesle stova mot nord var bestestove og gjesterom. Adnestova hyste mange gjestar. Slekta var stor. Slektningar fra byen og andre bygder overnatta i bestestova. Der budde også predikantar og andre reisande som trong husrom.

Bestestova

Forsamlingshus Adnestova blei nytta til forsamlingshus for oppbyggjellege møter. Den var også rettssal for tvistesaker på Sæle. Omgangsskulen var det ei annan stove i tunet, Kretsstova, som gav husrom til.

Leveveg for huslyden Det var småbruk og fiske som var leveveg for folk her. Også huslyden i Adnestova hadde det som leveveg. Dei utnytta det dei kunne og var sparsame. Guds frykt og nøysemd var berande verdiar. Kvardagen var prega av hardt strev. Det var viktig å ta omsyn til naturkreftene, vær og vind. I fiskebåten var mannfolka gjerne saman i lag. Når dei hadde noko å selja, segla eller rodde dei til Bergen opp til to gonger på ei veke. Dei rodde også innom fjorden for å gjera handel. Båtane blei kalla "storebåtar". Det var store, opne robåtar med segl. Seglet kunne dei leggja over framskøten, og under det åt og sov dei på reisa.

Kvinnene Kvinnfolka var heime. Dei hadde ansvar for barnestell og omsorg for sjuke. Alt stellet i "flore" var det dei som tok seg av. Matstell, klesvask, reingjering og ikkje minst produksjon av klær som karding, spinning, strikking, veving og saum.

Onnene I onnene var alle med, både menn og kvinner, store og små. Vårann, slåttonn, haustonn hørde med. Om sumaren tok dei også torv. Dei i Adnestova dyrka korn, helst havre, men også kveite. Etter at kornet var tørka, tresja, og drøpta, rodde mannfolka til Morlandstø for og få malt det til mjøl.

Manger Kyrkje, lensmann og doktor var på Manger. Dit reiste dei ofte frå Sæle både i små og "storebåtar". Ein stor del av slekta til huslyden i Adnestova budde på Manger. Dei tre siste generasjonar menn før Halvor Halvorsen, altså Peder, Halvor og Ivar sine koner var frå Manger herad. Med andre ord: Oline Marie si bestemor, oldemor og tippoldemor var frå innsida av Hjeltefjorden, altså frå Manger.

Gardsbruket

Gardsbruket som Adnestova hørde til gnr. 7 bnr. 5 Hjelme herad (no Øygarden) har vore større enn det er i dag. To andre av bruken på Sæle hørde med, eit bruk på Nautnes, eit mindre stykke jord på Svellingen og eit bruk på Øksneset i Austrheim.

Arv av jord

To døtre til Ivar (Oline Marie sin tipp tipp oldefar) blei gift med menn som ikkje eigde jord. Desse døtrene fekk arve kvar sitt bruk. Den eine, Mette, arva bruket på Nautnes. Den andre, Rakel, arva ein del av hovudbruket på Sæle.

Rakel blei tidleg enkje og det røynte hardt for henne å få endane til å møtast. Ho skulda Amelen i Bergen for mjøl ho hadde fått på kreditt. For å betala gjelda si, måtte halvdelen av gardsbruket hennar seljast på tvangsauksjon. Det var Ola Oen som kjøpte bruket og hans arvingar har drive det. Slik kom det ut av slekta.

Mette sine arvingar driv framleis bruket på Nautnes.

Jordstykket på Svellingen blei skøytt over på søstera til Peder, Karen, som blei gift med Eilert Svellingen.

Det skifta gjerne mellom hell og uhell, medgang og motgang. Her er eit eksempel til som kan reflekterast over.

I fengsel
på grunn av

rakfunn som ikkje
var innrapportert

Mannfolka i Adnestova, på folkemunne kalla "Halvarane", det var Halvor (far til Peder) og hans brør, hadde funne mykje rakved. Det var store rakstokkar som dei hadde lagt i nauset. Lensmannen, som på den tida var svært streng og hard mot folk, kom på befaring for å kontrollera mellom anna rakfunn. Raket Halvarane hadde liggjande i nauset kom for ein dag. Halvor måtte bøta med straff på tre dagars fengsel eller bot. Halvor hadde mange born å forsørgja og han hadde ikkje råd til å batala bota. Broren, Johannes, var ungkar og nyutdanna lærar. Han tok på seg straffa for det ulovlege rakfunnet for å hjelpa eldste broren sin.

Det han ikkje var klår over var at han skulle få dobbel straff. Ein mann som hadde vore straffa, fekk ikkje ha lærarstilling i Norsk skule. Johannes fekk difor ikkje gå inn i læraryrket.

Arv av Øksneset

Broren Halvor skøytt gardsbruket på Øksneset i Austrheim over på Johannes. Han slo seg til der.

Han bygde nytt våningshus og løe med god hjelp av sin søsken, særleg Ragnhild (Ragnhild Nøkling). Johannes stod også på torget i Bergen og selde fisk. Det er sagt at han tente meir på småbruk, fiske og torghandel enn han hadde tent som lærar. Lærarlønene var låge den tida.

Storakjedlå

Storakjedlå. På marka nord aust for Adnestova ligg Storakjedlå. Den var viktigaste vasskjelda på Sæle. I den var det oppkomme av vatn. Det var trebøtter, seinare zinkbøtter dei bar vatn i. To og to bøtter bar dei ved hjelp av ein vassel dei hadde over skuldra. Det kunne vera lang veg for mange å bera vatnet. Det var helst kvinnearbeid å bera vatn. Kvinnfolket møttest ved storakjedlå. Dei hadde gjerne ståande ein stamp der som dei skylde kleda i. Her frette dei ofte nytt for der var folksomt ved Storakjedlå.

Splinten

Handelsreisande. "Splinten" segla og rodde langs kysten og dei kom rett som det var til Sæle. Dei sov og budde i naustet til "Halvarane". Varene dei kom rundt på husa og selde var alt frå nyttige småting til blikkenslagervarer av messing koppar og Zink.

Jødar

Jødar reiste også rundt på dørene og selde tøy. Det var gjerne fint klede i ull og mange sortar pynteband.

Handverkarar

Handverkarar. Skreddarar reiste rundt på husa og sydde til folk. Skomakar og smed reiste også omkring. Folk kunne tinga tenester hjå dei.

Jul i Adnestova

Borna i huslyden fekk alltid noko nytt til jul. Det kunne vera sokkar, leistar og klede, til dømes kjole eller forkle.

Ein av karane reiste til Nautnes for å kjøpa mat til jul. Han hadde kjipe på ryggen og den fyllte han med matvarer av fleire slag. Maten blei lagra i spiskammerset og varde gjerne til langt over nyttår. Alt som var i kjipa blei oppete, sjølv om det var noko mygla til sist.

Huset skulle vera reinskurt til jul. Kvinnene låg på kne og skurde golva reine med sand og kost. Då blei dei kvite i treet. Koppar og messing var det borna som pussa.

Julaftan pynta dei til jul. Brakje blei hakka smått og strødd over heile golvet og utanfor på trappa. Alle måtte gå i nyvaska tresko inne for at dei ikkje skulle få nåler i føtene.

Juletre kjøpte dei i byen. Der var ikkje gran og furu i marka den gongen.

Huslyden gjekk rundt juletreet og song julesongar i jula. Første juledag var heilag, då var alle inne i huset etter at dei hadde vore i kyrkja om veret tillet det.

Etter jul gjekk alle borna omkring på andre hus og gjekk rundt juletreet. Dei fekk alltid noko å bita i. Eit eller eit halvt eple var det vanleg at borna fekk.

Bryllup

Bryllupet varde tre dagar. Det kom mange gjestar til bryllups og dei låg i "slonkebol".

Etter at Hjelme kyrkje blei bygd blei brurefolka vigde der. Folket på Sæle hadde ein skikk når brurefølgjet vandra til kyrkje. På Helgjebakkane (midt mellom Sæle og Hjelme) låg "Bruresteinen". Der skulle brura og brudgommen sitja seg ned og halda matpause. Ambarar med dravle blei send rundt til heile brurefølgjet. Alle fekk smaka ei treause med dravle. Deretter bar det til kyrkja.

Ei gamal hending
som blir fortalt
på Sæle

Det kom ein gong ein framand båt inn i Nore Sælevågen.
I land kom menn som ville røve verdiar frå folk.
Kvinnfolka på Sæle ante uro og sprang i Bukketonæ
med ei krunebomme dei hadde brurekrone i.
Ei av konene gøynde krunebomma under stakken sin.
Dei ubedne gjestane fann dei som sat i Bukketonæ.
Dei tvinga kona til å gi frå seg krunebomma.
Mennene gjekk dansande over smørkleiva med kruna
på hovudet. Kruna og krunebomma tok dei med seg
i båten og rodde av stad.

Det seiast at dei kom frå Scotland.

LISTE OVER SLEKT SOM STAMMAR FRÅ ADNESTOVA

Før 1800-talet

Halvor Iverson Sæle

Born:

Ivar Halvorson Sæle, Berta, Rakel, Mette, Marte (Marte si dotter:
Erika)

Ivar Halvorson Sæle og kone Ragnhild (frå Toska I Manger)

Born:

Halvor Ivarson Sæle, Johannes, Martinus, Ragnhild, Pauline, Elina

Halvor Ivarson Sæle og kone Marta (frå Toska i Manger)

Born:

Ivar (død som barn) Peder, Elling, Karen, Ragnvald

Peder Halvorsen og kone Oline (frå Solend i Manger)

Born:

Halvor Halvorsen, Cecilie, Marta, Ivar, Ragnhild, Ingeborg, Johan

Halvor Halvorsen og kone Borghild (frå Møsstova på Sæle)

Born:

Oline Marie, Erna, Bjørg, Harald, Per, John, Egil, Reidun, Ingrid
Ivar Johan

Oline Marie har ansvaret for Adnestova frå og med 1.1. 1983.